



BETRAKTNING OVER IKONET:

JESUS OG HANS VENN

Ikonet syner Jesus og ein egyptisk abbed frå ca. år 600 som heitte Menas.

Det er eitt av dei eldste bevarte ikona som vi har, og i dag heng det i Louvre i Paris.

Til venstre for abbeden er namnet hans skriva. Til høgre for Jesus står det «Frelsar» på gresk.

Begge har glorie, et teikn på ære som syner at dei er heilage. Det som spesielt med glorien til Jesus er at han har ein kross.

Jesus held ein bibel i handa si. Det er slik han kjem til oss i dag.

Abbeden peikar, for oss, mot Jesus med to fingrar.

Dei to fingrane kan både bety ein velsignande gest, og at Jesus har to naturar: Sann Gud og sant menneske.

Legg merke til at Jesus og abbeden er like høge. Saman med at handa til Jesus ligg på skuldra til abbeden syner dette til eit

forhold prega av vennskap der den eine ikkje gjer seg større enn den andre.

Joh 15,15: «Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener...»

Jesus har likevel større augo enn abbeden. Han ser meir.

Abbeden skjeglar litt med venstre auge. Med eitt auge ser han mot Jesus og med eitt auge ser han på vegen som ligg framfor.

Ein siste detalj er litt usikker. Det kan vere at ikonet er litt slitt, men legg merke til at vi ikkje kan sjå føtene til Jesus, medan føtene til abbeden er godt synlege. Det er altså vi, vennene til Jesus, som har fått oppdraget om å gå: «Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Matt 28,18-20